



Hans Reidar Kjærland i vassverket: - Kloring må starta. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rutineprøve teke på onsdag denne veka og nye prøvar teke på fredag syner små mengder kolibakteriar i vatnet.

Vassverket har drøfta saka med Mattilsynet og funne det riktig å starta med kloring av vatnet frå og med i kveld.

Vi vil presisera at klore som vert tilført er i så små mengder at vatnet framleis kan nyttast til drikkevatt. Inntil klore har nådd ut på nettet så ber vi om at abonnentane våre kokar vatn i dag.

Mest trulig så er det stor vassføring i kombinasjon med mykje forureining i elva som er årsak til at det er kome bakteriar på nettet.

Ver gild og informer dei du kjenner slik at vi når så mange som mogeleg med denne meldinga.

Følg med på heimesida, endringar vert meddelt så snart vi veit noko meir.

For meir informasjon kontakt Hans Reidar Kjærland på telefon 99 70 18 19

Styret i Uskedal Vassverk